

# Trymskvida

1.

Vreid var Vingtor  
då han vakna  
og hamaren sin  
han munde sakne.  
Skjegg han riste,  
hedna han skok;  
tok son åt Jord  
um seg å trivle.

2.

Og han dei ordi  
aller fyrst kvad:  
"Høyr du Loke  
her kva eg segjer,  
som ingen på jord  
hell i uppheimen veit:  
frå åsgud hev dei  
hamaren stoli."

3.

Gjekk han til Frøya  
i fagre tun,  
og han dei ordi  
aller fyrst kvad:  
"Vil du meg Frøya,  
din fjørham låne,  
at eg min hamar  
hitte måtte?"

*Frøya kvad:*

4.

"Eg gav deg han gjerne,  
um av gull han vøre;  
og lét deg han få,  
var han laga av sylv."

5.

Flaug då Loke,  
fjørhamen dunde,  
til ut han kom  
av Åsagarden,  
og inn han kom  
i Jotunheimen.

6.

Trym sat på haugen,  
tusse-drotten,  
band han batt  
åt bikkjom av gull,  
og måni meitte  
på marom sine.

*Trym kvad:*

7.

"Koss gjeng det åsom?  
Koss gjeng det alvom?  
Kvi kjem du einsleg  
til Jotunheimen?"

*Loke kvad:*

"Ilt er med åsom,  
ilt er med alvom.  
Hev du Lorrides  
hamar løynt?"

*Trym kvad:*

8.

"Eg hev Lorrides  
hamar løynt  
åtte raster  
under jordi.  
Ingen honom  
att fær heimta  
utan han fører meg  
Frøya til viv."

9.

Flaug då Loke,  
fjørhamen dunde,  
til ut han kom  
av Jotunheimen,  
og inn han kom  
i Åsagarden.  
Tor honom møtte  
midt i tunet,  
og han dei ordi  
aller fyrst kvad:

10.

"Hev du heppe  
havt med ærend?  
Sei der i lufti  
den lange tidend;  
sitjande selle  
soga si gløymer,  
og liggjande mann  
lyg det han beller."

*Loke kvad:*

11.

"Heppe eg hev  
havt med ærend,  
Trym hev din hamar,  
tusse-drotten;  
ingen honom  
att fær heimta,  
utan han fær honom  
Frøya til viv."

12.

Gjeng dei fagre  
Frøya å finne,  
og han dei ordi  
aller fyrst kvad:  
"Bitt um deg, Frøya,  
brure-linet,  
me tvo skal aka  
til Jotunheimen."

13.

Vreid vart då Frøya  
så ho frøste,  
og åsa-salen  
all han bivra.  
Ned spratt bjarte  
brisinga-menet.  
"Manngal dei meg  
meiner vera,  
um eg ek med deg  
til Jotunheimen."

14.

Alle i senn  
var æser på tinge  
og åsynjur  
alle til stades.  
Rådlag heldo  
rauste gudar,  
koss Lorrides hamar  
dei hitte skulde.

15.

Kvad det Heimdall,  
kvitaste åsen,  
- vidt såg han fram  
som vanene elles -:  
"Binde me um Tor  
brure-linet,  
bere han bjarte  
brisinga-men.

16.

Late um honom  
lyklar ringle  
og kvende-klæde  
um kne falle;  
på brjostet setje me  
breie steinar,  
og hagleg binde me  
hovud-toppen."

17.

Kvad det Tor,  
den trauste ås:  
"Kjering vil då  
kalle meg æser,  
lèt eg meg binde  
med brure-lin."

18.  
Kvad då Loke,  
Lauvøy-sonen:  
"Teg deg, Tor,  
tala kje dette;  
snart kjem jotnar  
til Åsgard byggje,  
um inkje din hamar  
du heimtar att."

19.  
Batt dei um Tor då  
brure linet  
og det bjarte  
brisinga-menet,  
lèt dei um honom  
lyklar ringle  
og kvendeklæde  
um kne falle,  
sette på brjostet  
breie steinar,  
og hagleg batt dei  
hovud-toppen.

20.  
Då kvad Loke,  
Lauvøy-sonen:  
"Meg til terne  
du take med deg,  
so èk me to kvende  
til Jotunheimen."

21.  
Snøgt vart baa  
bukkane heimta,  
sprette i skoklar,  
skulde vel renne.  
I berg det brotna,  
brann i jord loge,  
ók Odins son  
til Jotunheimen.

22.  
Då kvad det Trym,  
tusse-drotten:  
"Upp og bere  
på benkjer halm,  
no fører dei meg  
Frøya til viv,  
dotter åt Njord  
i Noatun.

23.  
Her gjeng innmed garden  
gullhyrnde kyr,  
ålsvarte uksar,  
jotnen til gaman.  
Eg hev nøgdi av gull,  
hev nøgdi av godar,  
einast Frøya  
eg no vantar."

24.  
Tidleg um kvelden  
kom det til dess  
at fram for jotnar  
øl vart bori.  
Sjølv åt han ein ukse,  
åtte laksar,  
alle dei kråser  
til kvendi var laga,  
tri kaggar mjød  
drakk mann hennar Siv.

25.  
Då kvad det Trym,  
tusse-drotten:  
"Kvar såg du brur  
bite kvassare?  
Aldri såg eg brur  
bite breidare  
eller meir mjød  
nokor møy drikke."

26.  
Sat ho attmed,  
den innfule terna,  
som ord fann til svars  
på jotuns tale:  
"Frøya åt inkje  
åtte næter,  
so ovhuga var ho  
til Jotunheimen."

27.  
Han letta på linet,  
var lysta te kysse,  
men undan han stokk  
endelangt i salen.  
"Kvi er så illkvasse  
augo på Frøya?  
Eld meg tykkjest  
or augo loga!"

28.  
Sat ho attmed,  
den innfule terna,  
som ord fann til svars  
på jotuns tale.  
"Inkje sov Frøya  
åtte næter,  
so ovhuga var ho  
til Jotunheimen."

29.  
Inn kom arme  
jotun-systri,  
som beda torde  
um brure-skatten:  
"Rett meg ringar  
raude av handom,  
um du vil hava  
hugnad hjå meg,  
hugnad hjå meg  
og all mi hyllest."

30.  
Då kvad det Trym,  
tusse-drotten:  
"Bere inn hamar'n  
bruri å vigje,  
leggje Mjøln  
på møyar-kne,  
vigje oss saman  
med Vår si hand."

31.  
Lo i hugen  
Lorride godt,  
då hardhausen  
sin hamar kjende.  
Trym drap han fyrst,  
tusse-drotten,  
og jotunætti  
all han tynte.

32.  
Drap den aldruge  
jotun-systri,  
ho som bad han  
um brureskatten.  
Skjell ho fekk  
for skillingar  
og hogg av hamar  
for haug av ringar.  
So kom Odins son  
att til sin hamar.